

## Stongfjorden Småbåtlag

Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
via Askvoll kommune

Marine Harvest har sendt søknad om ny settefiskkonsesjon/utsleppsløyve i Stongfjorden. Denne er no til høyring med frist 08.02.2014. Kommunestyret har godkjent reguleringsplanen, men denne er påklaga og ligg til handsaming hos Fylkesmannen.

Stongfjorden Småbåtlag er ein aktiv del av det maritime fritids- og fiskemiljøet i Stongfjorden. Vi eig ei småbåthamn med knapt 40 plassar i den indre del av fjorden, lokalisert rett vest av utløpet for Gjerdeelva.

Stongfjorden Vel skreiv den 27.11.2011 i sine merknader til reguleringsplanen - etter eit folkemøte om settefiskanlegget - desse to avsnitta som handlar om utslepp og ureiningsproblematikk:

“ · Forureining og støy.

Krav om renseanlegg. Innbygging av støykilder, ekstra tiltak dersom berekna støy er mindre enn reell støy. Lys som støykilde, begrense unødige lys frå båtar som ligg ved anlegget. Begrensing av evt. luktproblem.

· Kan vi stole på at fjorden vert like rein som før. Garanti for at vi kan bruke badestranda.”

Småbåtlaget stør Stongfjorden Vel sine generelle krav. Vi er også oppteken av at opplevings- og rekreasjonskvaliteten, samt arts-rikdommen, gyteplassane og fiskemengda i fjorden ikkje må forringast som ein konsekvens av plasseringa av avløpet, utsleppa eller for dårleg rensegrad innerst i fjorden.

Båtlaget kan heller ikkje akseptere at utsleppa av næringsssalter og algeoppblomstring som er omtalt i rapport 1798 og 1799 frå Rådgivende Biologer AS, får negative konsekvensar for hamneanlegget eller auka groe og feittrand under og på båtane.

I konsekvensutgreiinga vert mekanisk reinsing grunngeve slik på side 8 i rapport 1798: ”Det er ikke planlagt noe vidare rensing av avløpsvannet etter mekanisk filtrering siden utslippet skal gå ut i en stor og kystnær fjord med god vannutskifting og høy resipientkapasitet”.

Vi ber Askvoll kommune/Sogn og Fjordane Fylkeskommune nøye vurdere om botntilhøve, utskiftnings- og straumforhold er godt nok undersøkte før eventuelt utsleppsløyve vert avgjort i høve til planlagt plassering av avløpet.

Vi ber om at det blir stilt krav om full rensing av avløpet, ikkje berre mekanisk rensing.